



14 OKT. 2014



En bærebjelke er borte



www.lufs.no



HØGSKULEN I SØGN OG FJORDANE
Biblioteket Sogndal Postb. 133
6851 SOGN DAL

RETURADRESSE:
Anne Brun Dahl
Sørboveien 550,
4990 SØNDFJELD

LUFS er - desentralisert dugnadsorganisasjon

- partipolitisk nøytral
- høyningsinstans

LUFS arbeider for å

- styrke nærmiljøskulane
- motverke skulesentralisering

LUFS meiner

- Folkestyret er tufta på ein offentleg, gratis skule - der alle må møtast
- Retten til skule i eige nærmiljø er lovfesta - Jf. Opplæringslova §8-1
- Privatskulelova må derfor opne for at nedlagte grendeskular kan drivast vidare etter offentleg læreplan

Styre

Leiar Brite Kandal, 2377 Brøttum, tlf. 928 28 247
brite.kandal@lufs.no

Nærmiljøskolen - medlemsblad - kontakt:

Gerd Holtan, Vesterøyveien 21 B, 3235 Sandefjord
gerd.holtan@lufs.no

Bli medlem

Støtt nærmiljøskulane:

Personar 350 kr
Skular og andre 500 kr

Svein Barmen - svein.barmen@lufs.no

NÆRMILJØSKOLEN - MELDINGSBLAD FOR LUFS

TRYKK: BK GRAFIK • HINDREVEIEN 1 • POSTBOX 2076 • 1202 OSLO • TLF: 33 48 59 00

Skulelandskapet i Noreg i 1814

Kort om bakgrunn

for skulelandskapet i 1814

Bakgrunn for obligatorisk skule for alle var at konfirmasjon vart obligatorisk i 1736, og i 1739 blei det innført skule for alle for å lære borna opp i det dei måtte kunne for å svare på

spørsmål til presten i overhøyring

ved konfirmasjonen. Dersom ein ikkje var konfirmert, kunne ein ikkje ta seg ut i arbeid utanom heime på garden. Ein kunne heller ikkje gifte seg utan å vere konfirmert. Dette var ikkje ei

sovande lov. Då eg for 25 år sidan intervjuja nokre eldre personar om

deira eigen skulegang og konfirmasjon i ca. 1914, fortalte ei eldre

kvinne om ein mann på 24 år som vart konfirmert same dagen som ho. Han hadde stroke på overhøyringa første gong, hadde ikkje gått om att slik som var vanleg. Det var då han skulle ta ut

lysing, ein ny prest såg at han ikkje var konfirmert og som tykte han måtte få lov til å gifta seg. Dette er ikkje meir enn ca. 100 år sidan.

Skulelandskapet i 1814 var prega av at kvar stand hadde sin skule:

I: Overklassen: Latinskular

I dei største byane, i Christiania, Bergen og Trondheim, var det latinskular. Dei var det berre eit fåtal som fekk tilgang til, berre guitar, og berre overklassseborn. Latinskulan gav

II: Borgarane i byane:

Borgarskuluar

Borgarskulane vart oppretta i byane frå slutten av 1700-talet for å skaffe borgar- og kjøpmannssstanden ein skulegang som passa deira behov, dei skulle gå inn i leiane stillingar i handel og industri. I borgarskulen fekk praktiske fag som skriving, reknings, språk og naturkunnskap ein brei plass i undervisninga.

III: Allmuen:

Allmueskuluar på landet og byskule for fattigfolk i byane

På landshygda var skulane organiserte som omgangsskuluar, medan det i byane ofta var eigne bygg til skulen. Skuleplikt var fra 7 til 12 år, og faga var kristendomskunnskap og lesing som ei førebuing til konfirmasjon. Det var tette skott mellom skuleslaga, og det var ikkje mogleg for dei som gjekk i borgarskuluar eller allmueskuluar å komma seg vidare på skule. I byane var det mange som ikkje fekk skulegang i det hele. Dei kunne mangla kle og sko, eller dei måtte gjere arbeid heime. Særleg

VELKOMMEN TIL NETTBUTIKKEN!

LUFS har opprettet nettbutikk for å formidle eit lite knippe bøker som en spesielt skrivne for små skular. Bøkene vert sende ut frå ekspeditør Anne Brun Dahl og bør finnast på alle skular!
Kjøper du boka om Oppvekstsenter, Nærmiljøpedagogikk og Arbeid i fældt skule, er prisen per pakke kr. 500,- TING BOKA!

9

N E R M I L J Ø P E D A G O G I K K L O E R B E R G

OPPVEKSTSENTER
Barnehage og skule hand i hand




Kjøper du boka om Oppvekstsenter, Nærmiljøpedagogikk og Arbeid i fældt skule, er prisen per pakke kr. 500,- TING BOKA

MOTSTRAUMS
- 25 år i kamp for skule i nærmiljøet



OPPVEKSTSENTER
- barnehage og skule hand i hand

Pris: 250 kr. + porto. TING BOKA



ARBEID I FÆLDT SKULE

Foto: Knut H. Mørkholm

Pris: 100 kr. + porto. TING BOKA

MOTSTRAUMS
Jubileumsboka LUFS 25 år
Pris: 300 kr. + porto. TING BOKA

Nærmiljøpedagogikk

Kjøper du boka om Oppvekstsenter, Nærmiljøpedagogikk og Arbeid i fældt skule, er prisen per pakke kr. 500,- TING BOKA



NÆRMILJØPEDAGOGIKK

Pris: 250 kr. + porto. TING BOKA

gjaldt det jenter som måtte passa småsysken medan mora var på arbeid. Og det var ofte svært mange elevar på ein lærar. Først i 1848 kom lova som fastsette at ingen lærar måtte undervise meir enn 60 elevar om gongen.

Det viktigaste kjenneteiknet på skulen for allmuen er at det var ein:

Kristendomsskule


med pugg

I ein skule som skulle førebu for konfirmasjon var kristendom hovudfaget.

N For å gjere faget «forståleg» fekk biskop Pontoppidan i oppdrag å gjere eit utval frå Bibelen og Luthers forklaringar. Pontoppidans kom i mange utgåver, og vart brukta i over 100 år. Det var truleg einaste boka elevane hadde i 1814.

O Den bestod av 759 spørsmål og svar som sleit med pugginga. Stoffet var i seg sjølv så vanskeleg og språket så fjernt frå det munnlege at det måtte puggast ordrett, om det i det heile teke skulle læra. Om dette pugget fekk eg høyre mange dramatiske historiar i dei intervjuia eg gjennomførde. Sjølv om det gjaldt skulen i 1914, så var det ikkje så store endringar på desse 100 åra. Ein elev som ikkje greidde pug-

ginga, hoppa ut vindauge på skulen og miste livet. Ein elev sa: «Han vart pint under Erik Pontoppidan». Og ein elev som fekk same leksa for tredje gong med læraren sin trussel om at han skulle høyrast igjen neste veke, sa: «Då trur eg at eg er sjuk», for dette maktia han ikkje å lære så godt at han kunne seie det fram i timen. Så seinst som i mi tid i folkeskulen på 1950-talet sat ein gut framfor meg og sveitta og skalv i alle krisztendomstimane for han greidde ikkje å pugga korkje salmevers eller forklaringa. Men han slapp å gå oppatt ein



K klasse og vart konfirmaert, noko som ikkje var sjøvsagt i 1814.

Skule rundt langbordet

På landsbygda var det ikkje skulebygg (med unntak av nokre få skuler ved bergverk og bruk). Der var det omgangsskule. Læraren reiste frå gard til gard og underviste ungane i nabologatet. Gardane fekk pålagd kor mange dagar dei skulle ha skule etter stortleiken på garden. Då måtte dei også halde læraren med kost og losj. Ungar til husmann som låg under garden, fekk også mat, og stundom laut gar-

den ha husrom til elevar som hadde lang og färleg skuleveg.
Skulen føregjekk rundt langbordet i stova. Og det er fortalt historiar om både mykje folk, støyande arbeid og tilmed grisunger som var inne i same stova. Eg intervjuia ein lærar som byrja si lærargjerning som omgangsskulelærar, og han sa at det ofte kunne vere vanskeleg å konsentrere seg for både lærar og elevar. Hjelpemidiane var ikkje meir enn det læraren kunne bere i ei kiste, ofte kalla «skulemeisterskrinet».

Omgangsskulelæraren:

Ein ung mann

I 1814 var det prestane sitt ansvar å finne lærarar til elevane, og gje dei litt opplæring slik at dei kunne klare oppgåva. Klokkarane var ofte tiltenkt jobben, men svært få klokkarar var villig til å påta seg skulehald, for korkje ære eller løn freista. Læraren hadde fattigfolks kår, og Befring seier i ein artikkel om Landsskulens vekst og fall, at læraren truleg stod lægre på den sosiale rangstigen enn vanlege tenestefolk. Eit gode var at dei vart friekne for militærtjeneste etter 10 (seinere 7) år som lærar. Denne ordninga vart avskaffa først i 1886. Difor slutta også mange etter desse 7 åra, og lærerstanden besto i 1814 i stor grad av unge menn. Menn med kroppslege lyte kunne også tene til livets opphald som lærar. Læraren hadde ofte lite utdanning utover konfirmasjonen, noko

vel så mykje som læraren sin.

Meisterjuven Gjest Bårdsen fra Sogndal (f.1793) fortel i boka si *Mitt liv* at då han var 9 år, kunne ikkje læraren lære han meir, og han byrja som hjelpearar. Dette syner at Gjest var flink, men det var ikkje uvanleg. Med dei store gruppane av elevar – ofte med aldersspreiing frå 7 til 14 år – ein lærar hadde ansvaret for, var det vanleg at læraren brukte flinke elevar som medhjelparar frå dei var 9-10 år gamle.

Sluttord

Eg har gitt ei generell oversikt over skulelandskapet i 1814 med hovudvekt på allmueskulen. Det var der fleirtalet av borna gjekk, då 90% av folket budde på landsbygda. Variasjonane var store både frå bygd til bygd og mellom landsdelane. Nord-Noreg hadde lenge fritak for iverksetjing av skuleprogrammet, sa der var det lenge før alle borna fekk skulegang. Faga var som nemnt bl.a. Dokka i boka: *En skole gjennom 250 år* at det var sjeldan undervisninga kom lengre enn til kristendom og lesing, og lesinga var stort sett i Pontoppidan og andre religiøse skrifter. Skrifta var gotisk og språket var dansk. Eg har nokre gamle salmebøker og andre religiøse skrifter frå den tida heime, og når eg ser på dei tenker eg: STAKKARS BORN.

Meisterjuven Gjest Bårdsen fra Sogndal (f.1793) fortel i boka si *Mitt liv* at då han var 9 år, kunne ikkje læraren lære han meir, og han byrja som hjelpearar. Dette syner at Gjest var flink, men det var ikkje uvanleg. Med dei store gruppane av elevar – ofte med aldersspreiing frå 7 til 14 år – ein lærar hadde ansvaret for, var det vanleg at læraren brukte flinke elevar som medhjelparar frå dei var 9-10 år gamle.